




AURLAND
KOMMUNE

Årsmelding
2016



Årsmelding 2016 – Aurland kommune

Innhald:

Innleiing		s. 3
100	Politiske organ	s. 4
110-900	Støttefunksjonane og nøytrale inntekter/kostnader	s.5 - 9
120	Kultur	s.10 - 13
210	ABU og vaksenopplæringa	s. 14 - 15
220	Kommunale barnehagar	s. 16 - 17
230	Flåm skule	s. 18 - 19
300	Helse og førebygging	s. 20 - 22
301	NAV	s. 23
302	Barnevern	s. 24 - 25
310	Pleie, rehabilitering og omsorg	s. 26 - 29
500	Teknisk	s. 30 - 33

INNLEIING

Årsmeldinga for 2016 vert med dette lagt fram til politisk handsaming.

Aurland kommune har klart å oppretthalde same nivå på tenestetilbodet som tidlegare. Pr 31.12 2016 var folketalet 1 787, ein auke på 23 frå året før. Større prosjekt i 2016 har vore omstilling pleie og omsorg, plassering av barnehage, ein del organisatoriske tilpassingar, fokus på forvaltningspraksis og utvikling av sentrumsområda i kommunen. Kommunen har hatt høge ambisjonar med tanke på investeringar. Oppattbygging etter flaumhendinga i kommunen i 2014 har vore ressurskrevjande også i 2016. Tilrettelegging for bustadbygging og næringsutvikling har hatt fokus.

Rådmannen gjekk ut i permisjon dei siste 4 månadane i 2016. Det har vore tilsett vikar i denne perioden.

Økonomisk sett har 2016 gjeve eit netto driftsresultat på kr 11,1 millionar (budsjett 4,3 mill). Etter at budsjetterte avsetningar er gjort står ein igjen med eit overskot på 1,8 mill.


Det er motteke 77,2 mill i midlar til oppbygging etter flaumkatastrofen hausten 2014. Pr 31.12.16 var det bokført bruk av desse midlane med 26,3 mill. Dei resterande 32,7 mill er sett på fond og vil bli brukt fram til ny frist som er mars 2019.


Aurland kommune hadde totalt 208 årsverk ved utgangen av 2016. Dette er tre meir enn i 2015 og 13 meir enn i 2014. Ein del av desse årsverka vert refunderte frå andre (t.d. Lærdal kommune, Aurland Hamnevesen og Nærøyfjorden Verdsarvpark). Samtidig kjøper kommunen ein del tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon. Årsverka fordeler seg med 73,6% kvinner (76,1 % i 2015) og 26,4% menn (23,9 % i 2015). Særleg innan pleie og omsorg og barnehagar er det tilsett flest kvinner. På tenesteleiar og rådmannsnivå er kvinnedelen 67%. Kommunen har ikkje gjennomført konkrete tiltak for å betre rekruttering av menn til kvinnedominerte yrke i 2016. Gjennomsnittsalder for tilsette pr 31.12.16 var 45,7 år.

Sjukefråveret i kommunen var i 4,3 % i 2016. Dette er lågare 0,8% lågare enn i 2015 og 0,4% lågare enn i 2014. Sjukefråveret siste året fordeler seg med 4,9 % blant kvinner og 2,3 % blant menn.

Tenesteleiarane har skrive kommentarar til sine ansvarsområde med fokus på økonomi, brukarar og personalressursar. Aurland kommune, har ein relativt god og sunn økonomi med med høge kraftinntekter. Driftsnivået er høgt, utfordringa framover vil vere å tilpasse aktivitetane til inntektene.

Aurland 31. mars 2017


Frank Westad (rådmann)



Reidar Johnsen (økonomsjef)

Ansvar 100 Politiske organ

		Rekneskap	Budsjett	%-
		2016	2016	forbruk
Ansvar:	100 POLITISKE ORGAN			
10010	KOMM.ST./F.SKAP	2 317 233	2 123 280	109
10014	EIGEDOMSSTYRET	94 048	85 490	110
10015	VAL - POLITISKE PARTI	108 214	70 000	155
10016	UTVAL FOR PLAN OG UTVIKLING	129 993	155 279	84
10017	UTVAL FOR OMSORG, OPPVEKST OG KULTUR	74 202	55 593	133
10019	ADMINISTRASJONSUTVAL	62 517	65 888	95
10022	TAKST/OVERTAKSTNEMND EIGEDOMSSKATT	1 396	9 686	14
10025	KONTROLLUTVAL	37 412	66 262	56
10026	NÆRINGSUTVAL	55 975	-	0
18011	ELDRERÅDET	41 188	30 076	137
18015	RÅD FOR FUNKSJONHEMMA	-	10 233	0
18016	ANDRE POLITISK VALDE NEMNDER/ARBEIDSGRUPPER	5 433	-	0
32111	KONTINGENT LVK	411 817	405 000	102
	Sum ansvar: 100 POLITISKE ORGAN	3 339 429	3 076 787	109

Hovudårsaka til overforbruket er at ein frå i år innførte ny praksis for tapt arbeidsforteneste frå kommunalt tilsette som er med i politiske utval. Dette medfører at tenesteeiningane blir godskrivne og politiske utval blir belasta.

Møteverksemd politiske utval 2013 - 2016								
	2016		2015		2014		2013	
	Møter	Saker	Møter	Saker	Møter	Saker	Møter	Saker
Kommunestyret	8	129	10	127	8	88	7	80
Formannskapet	16	85	16	85	14	88	14	79
Administrasjonsutvalet	9	34	6	19	7	34	7	24
Fondsstyret	6	20	4	14	6	28	5	18
Kommuneplannemnda	6	18	3	9	8	23	8	28
Kommunalt klageorgan	5	9	1	3	2	2	1	1
Omsorg, oppvekst og kultur	9	75	8	47	9	46	9	52
Drifts og eigedomsutvalet	9	42	8	27	9	37	7	24
Plan og utvikling	11	78	10	55	8	69	7	56
Næringsutvalet	5	18						
Valstyret	1	4						
SUM	85	512	66	386	71	415	65	362

Skjenkeløyvene blir handsama kvart 4. år, sist i 2012 og no i 2016.

Ansvar 110 rådmannsfunksjonane og ansvar 900 nøytrale inntekter og utgifter 900

Innleiing

Hovudoppgåvene som ligg til ansvarsområda 110 og 900 er desse:

Politisk sekretariat

Rådmannsfunksjon

Stabs- og støttefunksjonar

Andre funksjonar

Tilskot Kyrkja

Fellesutgifter m.a. IKT

Kjøp av PPT teneste

Kjøp av tenester bedriftshelseteneste

Velferdsmidlar

Utgifter til revisjon og kontrollutval

Næringsfond

Tilskot Nynorske litteraturdagar

Tilskot Nærøyfjorden Verdsarvpark

Tilskot privat barnehage

Frikjøp av hovudtillitsvalde

Kompetansefond og HMS fond

Landbruk

Viltfond

Plan for eininga

Aktiviteten i løpet av året følgjer av lokale planar, budsjett og politiske vedtak. I tillegg er ein del aktivitetar faste og inngår i kommunen sitt årshjul.

Drift av eininga

12010 RÅDMANNSFUNKSJON

Kommunen har fått tildelt over 200.000 i OU-midler til forvaltningsrett og leiarsamlingar i 2016. Det er etablert eit tverrfagleg nettverk/forum med månadlege møte der sakshandsamar kan få innspel og rettleiing frå kollegaer. Det blir i tillegg jobba med å etablere betre meir formelle system for oppfølging av politiske vedtak og ny saksmal i Acos websak. I samband med oppfølging av arbeidsgjevarstrategien er det utarbeidd ei leiarplattform for Aurland kommune som skal ligge til grunn for rådmannen sitt arbeid med leiarutvikling i kommunen. Det er tilsett fleire nye tenesteleiarar i 2016 og det har vore gjennomført grunnopplæring for leiarar innan områda HMS, økonomi, arkiv, lønn og personal. Administrativ organisering har vore tema i 2016. Det er ikkje gjort endringar og hovudstrukturen i kommunen er framleis to fullmaktsnivå (rådmannen og tenesteleiarar). I løpet av året er organisering av kommunale barnehagar endra frå ei felles tenesteeining til to tenesteeiningar med tenesteleiar og styrar i kvar barnehage. Arbeidet med sørviserklæringar er starta opp. Det blir lagt opp til at sørviserklæringar skal erstatte tenesterklæringar som kommunen har hatt tidlegare. Det blir arbeidd med sørviserklæringar på kvar eining og for rådmann. Arbeidet blir koordinert med anna utviklingsarbeid på einingane. Arbeidet held fram i 2017.

Det er utarbeidd Kostra-analyse for heile organisasjonen (KS-konsulenter) og ein eigen gjennomgang av pleie og omsorg (RO-rapport mai 2016). Begge deler syner handlingsrom i drift og er grunnlag for forbetningsarbeid. Det er inngått avtale med RO-senteret om vidare oppfølging av forbetningsarbeidet, dette arbeidet held fram i 2017.

I løpet av året har det vore tilsyn ved ulike delar av drifta. Der kommunen har fått merknader eller avvik blir det laga ein konkret plan for oppfølging. Rapportar frå tilsyn blir rapportert til relevant politisk utval.

12013 KOMMUNETORGET

Elektronisk arkivplan og avlevering av nyare arkivmateriale har hatt prioritet. Det er utarbeidd elektronisk arkivplan for Aurland kommune. Aurland kommune har per i dag eit arkivmateriale i Heradshuset som må isolerast og muggsanerast. Dette har prioritet i 2017. Hausten 2016 fekk kommunen på plass oppgradert versjon av nettsida. Kommunen har auka tal sider til kommunal informasjon i Aurlendingen frå 3 til 4 sider. Kommunetorget hadde i 2016 det praktiske ansvaret for gjennomføringa av folkerøystinga i samband med kommunereforma. Førehandsrøysting var lagt til rådhuset. Kommunetorget hadde ansvar for variable torgplassar.

12025 ØKONOMIAVDELING

Økonomikontoret i Aurland utfører løns- og rekneskapstenester for både Aurland og Lærdal kommune. Ein auka del av faktura kjem no elektronisk i staden for på papir. Dette gjer at fakturahandsaminga er meir effektivt enn tidlegare. Økonomikontoret jobbar i lag med Lærdal kommune for å få meir «brukarvennlege» rapportar. Oppdatering av økonomi- og finansreglement har vore utsett, men planen er at dette skal blir gjort i løpet av 2017.

Lønsavdelinga har gjennom 2016 hatt stort fokus på å lage gode rutinar for avstemming, betring av interne rutinar for meir effektiv jobbing og gode rutineskildringar. Det har so langt gjeve gode resultat i forhold til god kontroll ved årsavslutning. Arbeidet blir vidareført i 2017. Innføring av A-melding i 2015 var eit omfattande arbeid, januar 2016 var

første gongen me rapporterte lønnsmelding via A-melding. Rutinar for avstemming måtte og tilpassast A-melding. Lønsavdelinga køyrer løn for Aurland og Lærdal kommune, Aurland kyrkjelege fellesråd og Lærdal kyrkjelege fellesråd.

12027 SKULEFAGLEG ANSVAR

Det er eit krav at kommunen skal ha pedagogisk kompetanse over rektornivå. I Aurland kommune er dette ivareteke ved at det er tilsett ein rådgjevar for oppvekstområdet og som er ein del av rådmann sin stab. Oppgåver er knytt til koordinering av oppvekstområdet m.a. arbeid med utviklingsmeldinga for grunnskule, barnehage og musikk- og kulturskule og ivareta kommunen sine oppgåver som barnehagemyndigheit.

12028 PERSONAL

Det vart arrangert temadag om IA-avtalen for leiarar og verneombod i september. Lokale forhandlingar vart gjennomført i september. Tilsette over 60 år har hatt tilbod om å reise på pensjonskurs. Arbeidsgjevar har delteke på felles opplæring i HA-avtala saman med HTV. Medarbeidarundersøkinga vart gjennomført i oktober. Internt har arbeidsgjevar hatt fokus på teieplikt etter forvaltningslova § 13 og varsling etter arbeidsmiljølova § 2-4. Kommunen har innført fráværsregistrering på web for leiarar, rådmann og stab. Fráværsregistrering på web blir innført for alle tilsette i 2017. Kommunen er ein del av eit regionalt HR-nettverk. Delar av den overordna HMS-handboka og rutinar på personalområdet er revidert. Kommunen har hatt avtale med Bedriftshelse1 om kjøp av bedriftshelsetenester.

Bruk av kompetansefond 121.000 til vidareutdanning av lærarar og 20.000 til mentorordning og 30.000 til forvaltningsrett (resten var dekkja av OU-midlar). 22 sakshandsamarar og leiarar gjennomførte eksamen i mai. Unyttta midlar til kompetanseheving tilsette og folkevalde i 2016 er ein del av det samla overskotet på drift. Grunnutdanning innan brann er starta opp og blir dekkja innanfor ramma til teknisk.

30110 PLANSAKSBEHANDLING

Første halvår hadde planleggjar stort fokus på kommunereforma, vedtak i juni. Utarbeiding av kommunal planstrategi og rullering av kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan er gjennomført. Av detaljplanlegging er kommunale reguleringsplanar for dei flaumråka områda i Flåm, turvegen Heggvikji - Bøen, Skjerdalvegen 28 og Bustadområde Ty del 2 gjennomført.

Det vert arbeidd med områdeplan for Undredal og Flåm. I dette arbeidet har det vore «workshops» og stort fokus på kartlegging av naturfare.

32911 LANDBRUK og 36011 VILTFORVALTNING

Det blir utarbeidd eiga årsmelding for felles landbrukskontor for Årdal, Lærdal og Aurland.

Ansvar 900 NØYTRALE INNTEKTER/KOSTNADER

10020 AMU

Velferdsmidlar har vore nytta til gratis trim i trimrom og i symjebasseng og til fordeling på eininga. Unytta velferdsmidlar kr 80.000 inngår som overskot i den samla drifta.

Det har var to møte i arbeidsmiljøutvalet i 2016. Utvalet handsama åtte saker.

10024 REVISJON

Kommunen har hatt avtale med KPMG om kjøp av revisjonstenester.

10025 KONTROLLUTVAL

Kontrollutvalet legg fram eiga årsmelding.

12014 FELLESUTGIFTER

Mellom anna kontingent til KS, Transparency International (TI), Landssamanslutninga av Nynorsk kommunar (LNK) og OU-fondet blir ført som fellesutgifter på ansvar 900.

12015 FELLESUTGIFTER - IKT

Det er gjennomført ei stor endring på telefoni. Me gjekk over i frå lokal hussentral til mobilt bedriftsnett som er basert på mobil og IP (telefon over datanettet). Sentralbordet er blitt enklare og meir oversiktleg å handtere og har integrasjon med kalendarsystemet slik at sentralbordet har oppdatert informasjon. Det er også fleire moglegheiter for oppsett, svarmeldingar og det er heller ikkje avhengig av fast plassering. To teknologiar gir god beredskap og i tillegg har me att ei analog linje som kan brukast i tilfelle dei to andre skulle kome ut av drift. Det er kjøpt, og sett i drift, ny server til lege og pleie og omsorg.

Det er etablert ny plattform med Feide-tilknytning for både lærarar og elevar ved skulane. Dette saman med Årdal. Feide = Felles elektronisk identitet.

Modul for elektronisk føring av ferie og fråver vart installert saman med Lærdal og Årdal.

Prosjekt breiband i Undredal er fullført og alle tilskot er utbetalt til kommunen.

Drift lokalt har gått som planlagt. IKT-samarbeidet med Årdal og Lærdal med felles drift og brukarstøtte har fungert fint.

Ny og oppdatert avtale for drift i ÅLA har kome på plass.

12016 HOVUDTILLITSVALD

Arbeidsgjevar har avtale med Utdanningsforbundet og Fagforbundet om frikjøp av hovudtillitsvald.

20114, 20210 og 20212 PPT

Kommunen har avtale med Sogndal kommune om kjøp av PPT-tenester.

20115 SPIREN BARNEHAGE

Kommunen betalar driftstilskot til ein privat barnehage. Driftstilskot i 2016 var på om lag tre millionar kroner.

23311 BEDRIFTSHELSETENESTE

Kommunen har kjøpt tenester frå Bedriftshelse 1.

32510 NÆRINGSFOND

Det blir laga eiga årsmelding for næringsfondet.

39010 KYRKJELEG FELLESRÅD

Kommunen yter tilskot til drift av kyrkja. I 2016 var tilskotet kr 2,680 millionar.

Folkehelse/førebyggjing

Rådmannen, stab- og støtte har bidrege mest indirekte til å gjennomføre tiltak som har konsekvens for folkehelsa.

Personale/tilsette

Einingane har tilsaman 19,5 årsverk fast tilsette. Per 31.12.16 var det 20,5 årsverk på eininga dei to einingane. Ei ekstra stilling er mellombels og gjeld vikar for rådmann. Fast bemanning er redusert med eitt årsverk på kommunetorget sidan 2015. Utgifter til to av stillingane er refundert frå Nærøyfjorden verdsarvpark og Aurland hamnevesen. I tillegg til dei fast tilsette er det to HTV i til saman 58% stilling som blir lønna på ansvar 900.

Gjennomsnittsalderen for fast tilsette på eininga er 52,75 år. Dette er høgare enn snittet for kommunen elles. 12 av 20 tilsette er kvinner. Dette gjev ein kvinnedel på om lag 60%. Sjukefråværet i 2016 har vore på 1 prosent på ansvar 110 og 3,9 på ansvar 900. Sjukefråværet i 2015 var 2,7 prosent på ansvar 110 og 5,2 på ansvar 900.

Prioritert kompetanseheving i løpet av året har vore fagleg oppdatering, ulike kurs og nettverkssamlingar. Tre tilsette på eininga tok eksamen i forvaltningsrett våren 2016.

Økonomi

Endra budsjett for ansvar 110 er om lag kr 500.000 høgare enn opphaveleg budsjett. Endringar i budsjett skuldast organisatoriske tilpassing og utgifter til vikar for rådmann. Endeleg budsjett for ansvar 900 er tilnærma uendra i høve til opphaveleg budsjett.

	Rekneskap	Endra budsjett
RÅDMANNSFUNKSJON (ansvar 110)	11 414 620	11 497 304
NØYTRALE INNTEKTER/UTGIFTER (ansvar 900)	28 350 625	27 756 273

Rekneskapen for ansvar 900 syner eit meirforbruk på om lag kr 500.000. Meirforbruket skuldast primært auke i lisenskostnader på kr 270.000 som vart flytta frå investering til drift i slutten av året, tap av krav frå kundar som er ført som utgift på kr 100.000 og for låg budsjettering av kontingentar.

Ansvar 120 Kultur

Innleiing

Tenesteeining for kultur omfattar desse funksjonsområde:

12018 Kulturadministrasjon

23110 Arbeid med barn og ungdom

23112 MOT

36512 Kulturvern

36514 Galleri Vinjum

37010 Folkebibliotek

38310 Aurland musikk- og kulturskule

38510 Generelle kulturtiltak (kulturmidlane)

I tillegg har eininga ansvar for:

Folkehelsekoordinering, Den kulturelle skulesekken. Den kulturelle spaserstokken, Aurlandsmarsjen, Sakshandsaming generelle kulturmidlar, Aurlandsprisen, Sogn og Fjordane Teater, Lokalhistorisk senter, Koordinering av samarbeid med frivillig sektor, Styremedlemskap i Nynorske litteraturdagar.

Plan for eininga

12018 Kulturadministrasjonen

Kulturadministrasjonen er etablert i 2. etasje i Heradshuset, saman med kulturvern og ungdomsleiar.

I tillegg kjem administrering av søknadsprosessen med spelemiddelordninga, registrering av idrettsanlegg i nasjonalt register, samarbeid med Nærøyfjorden verdsarvpark rundt vertskapsrolle og utstillingar, ECO-utstilling og Nynorske litteraturdagar (styrerepresentant).

Folkehelse: formelt sett har me ikkje folkehelsekoordinator lenger, ansvaret for koordinering av folkehelse er lagd under ansvar av tenesteiar for kultur. Målet er å komme fram til ei oversikt over tverrfagleg tiltak for å betre folkehelsa.

Aktivitetar i Heradshuset i 2016:

- Utstilling med kulturminne som tema
- Galleri Vinjum: Opning av gjestegalleriet med utstilling av Manuel Portioli: *God of the High Places*. Revidering av vedtektene.
- Kulturminnekveld

Planarbeid og oppfølging av planar:

- Kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse – rullering av handlingsplan
- For å kunne søkje spelemidlar til idrettsanlegg og nærmiljøanlegg er det krav til at anlegget er med i vedteken handlingsplan og budsjett
- Sti og løypeplan: Planen er ein del av oppfølging av kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse.
- Kulturminneplan: Hovudfokus for planen ligg på: stølsdrift, immaterielle krigsminner og kulturminne og klima.
- Frivilligheitsmelding: Forventa start sommar/haust 2017
- Rammeplan for kulturskule: Det interne arbeid er starta og blir vidareført i samarbeid med Norsk kulturskuleråd

Aurlandsprisen 2016 vart tildelt Ingeborg Lunde – ei føregangskvinne som har teke vare på, utøvd og fremja kultur på ein måte som har sett varige spor langt utover Aurland sine grenser. Ingeborg Lunde vart tildelt prisen 15. desember i kommunestyret. Prisen vart delt ut av OOK- leiar Monica Finden og ordførar Noralv Distad.

Aurlandsmarsjen 2016 vart arrangert 31. juli, 64 personar gjekk marsjen frå Østerbø til Vassbygdi.

Sogn og Fjordane teater: SoFt hadde ei framsyning i Aurland 16. november med «Kvinna frå før».

23110 Arbeid med Barn og Ungdom

Aurland fritidsklubb – møteplass for born og unge i Aurland kommune. Tilbodet er todelt med tilbod til to aldersgrupper Aktivitetsklubben 5.- 7. klasse og Cobra 8. kl – 18 år . Møteplassen er open 3 kveldar i veka, 10 timar. Me lagar aktivitetsplanar for klubben i samarbeid med medlemmane. Team for året- Fysisk aktivitet for alle. Meir fokus på kosthald - meir frukt og grønt, mindre snop og sukker. Aurland fritidsklubb/Aktivitetsklubben har eit samarbeid med Nærøyfjorden verdsarvpark med prosjektet "Kulturstien til Aktivitetstien".

Ung Kultur Møtes(UKM) er ein visningsarena for unge talent. UKM skal stimulera og synleggjera ungdommens kulturelle aktivitet lokalt, regionalt og nasjonalt.

Lokaltransport for ungdom i Aurland kommune - Skibuss - ordninga til Myrkdalen

Nattevandring Aurland og Aurland ungdomsråd, sekretær

Nettverk for ungdomsarbeid – undergruppe ved Sogn regionråd, klubbleiar er medlem.

Anna arbeid; Medlem av Politirådet i Aurland kommune, medlem av prosjektgruppe Ruspolitisk handlingsplan.

36512 Kulturvern

Kulturvernarbeidet i Aurland kommune består av følgjande element:

- Planarbeid (kulturminneplan)
- Tilråding ved sakshandsaming (stort sett i samarbeid med byggesak)
- Formidling og veiledning

Arbeidet med ny kulturminneplan er godt i gang, planprogrammet vert vedteken i hausten og det vart organisert kulturminnekveld.

Aurland kommune er pilotkommune i ei internasjonal satsing på kulturminne og klima i samarbeid med riksantikvaren.

3701 Folkebibliotek

Låneaktiviteten og besøkstalet har gått noko ned i 2016. Biblioteket har ein bestand på ca. 16 800, tilvekst i 2016 var på 970. Gjennom e-bok systemet i Sogn og Fjordane har me tilgang til 2400 titlar på e-bok. Biblioteket er med i innkjøpsordninga frå Norsk kulturråd.

Frå 2016 er Aurland folkebibliotek med i transportordninga for fjernlån. Dette er ein nasjonal transport ordning som dekkjer alle fylka i landet.

Aurland bibliotek har forskjellige utstillingar gjennom heile året. Utstillingane er til for å auke leselysta, eller for og markera hendinga gjennom året. Lag og organisasjonar kan nytta bibliotekt til utstilling.

Kurs og arrangement: Song og forteljing for born, spansk kurs, seniorsurf, jegerkurs, omvisning i biblioteket for born og pensjonistar.

Biblioteket har ope 22 timar pr veke, med unntak av sommaren med 18 timar pr veke (8 veker).

Målet for for 2017 er å vidareutvikle biblioteket frå ein stad til å låne bøker, til ein offentleg møteplass for kultur- og kunnskapsformidling.

38310 Aurland musikk- og kulturskule

Elevstatistikk (Kjelde GSI):

	Elevtal	Elevplassar	Årstimar til undervisning	Øvrige årstimar
2014-2015	109	124	1186	1683
2015-2016	97	131	327	414

Skilnad mellom elevplassar ligg i tal elevar og dei tilbuda dei nyttar seg av. I 2015-16 var det nokre færre elevar, men dei benytta seg av fleire tilbod. Elevtalet ligg fremdeles over 50% av alle grunnskuleelevar.

I tillegg til ordinær musikkundervisning har me eit tilbod for barnehager, grunnskule, helsetunet, m.m. Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, korps, kor, spelemannslag på ulike arrangement, UKM.

Andre årstimar er blant anna: korps og kor direksjon, musikk på helsetunet, m.m.

I 2016 hadde Aurland musikk- og kulturskule tilbod på korpsinstrument, dans (prosjekt) og har også opna for påmelding på teater. På messinginstrument starta to elevar, medan det vart for lite påmelding til dans og teater for å kunne starte eit tilbod.

Drift av eininga

Kulturmedarbeidarane er fordelt over fleire arbeidsplassar, med Heradshuset, folkebiblioteket og AIS som hovudplassar. Dette gjer det noko vanskeleg å samle alle til eit team. I tillegg er det små samansette stillingar og har mellom anna musikkskulelærarar på fleire

arbeidsplassar: Lærdal, Årdal, Helsetunet, Flåm skule m.m. Dette ber av og til på utfordringar når det gjeld samarbeid. Likevel er det bra med samarbeid tvers av eininga og med andre einingar. Til neste år ynskjer me å ha fokus på samlokalisering.

Folkehelse/førebyggjing

Kultur er folkehelse i seg sjølv! Kulturavdelinga bidreg såleis indirekte til folkehelsearbeidet på alle område.

Personale/tilsette

Kultureininga hadde 7,61 årsverk fordelt slik:

	årsverk	mann + kvinne = tal pers.
Kulturadministrasjon/kulturvern/folkehelse	1,6	2+2=4
Bibliotek	1,9	1+3=4
Kulturskule	3,05	4+2=6
Arbeid med barn og ungdom	0,86	0+3=3

Total tal personar som jobbe i kultureininga: 6 menn og 9 kvinner= 15.

Gjennomsnittsalderen er 40 år. Sjukefråværet i 2016 var som i 2015 om lag 5% som skuldast hovudsakleg langtidssjukmelding.

Fysiske arbeidsforhold er eit forbetningsområde som kjem tilbake for andre år på råd i medarbeiderundersøkinga. Lokala i AIS er ikkje eigna til musikk- og kulturskule, det er heller ikkje gymsalen i Flåm skule. I Heradshuset er det dårleg inneklima og varmeregulering. Det er behov for fokus på dette.

Økonomi

Kultur hadde eit budsjett på kr 5 160 000 i 2016. Sluttrekneskap kom på kr 5 139 915.

Ansvar 210 ABV (Aurland Barne- og ungdomsskule og vaksenopplæringa)

Ansvar 210 omfattar desse tenestene (funksjonane):

- 20210 ABU- grunnskule
- 21310 Vaksenopplæringa
- 21510 ABU – skulefritidsordninga (SFO)
- 22210 ABU – skuleskyss

Plan for eininga

Tenestene er heimla i opplæringslova med forskrifter, og for SFO også i kommunale vedtekter.

Det regionale prosjektet «System for styrka læring», der Aurland kommune er med, er inne i sitt fjerde år. Målet er 3-delt : 1) auka læringsutbytte 2) betre tilpassa opplæring 3) redusert spesialundervisning. ABU er på god veg mot målet. Auka fokus på kvalitet i den tilpassa opplæringa og to-lærarsystem i basisfaga, har så langt ført til ei halvering av spesialundervisninga. Skulen hadde el-tilsyn hausten 2016; revisjon på systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid og tilsyn av det elektriske anlegget. Dette resulterte i eit større etterarbeid for å lukke avvika.

Drift av eininga

Den daglege drifta har gått greitt for alle tenestene. Omfang av permisjonar har vorte redusert i siste halvdel av 2016, og ein stabil vikarsituasjon har sikra god kontinuitet i opplæringa. Ved utgangen av 2016 hadde ABU 148 elevar. Dette er ein svak nedgang frå 154 for eitt år sidan. Talet er venta å vere stabilt komande skuleår. I 2016 fekk me nye elevar frå Syria, og me har difor etablert norskopplæring i gruppe for flyktningane, i tillegg til tilpassa opplæring for dei i ordinære klassar.

Vaksenopplæringa i norsk for framandspråklege innvandrarakar med rett og plikt til opplæring hadde ingen deltakarar fram til oktober 2016. Utover hausten fekk me tilflytting av flyktningar frå Syria som har delteke i introduksjonsprogram (norsk- og samfunnsfagopplæring) ved SJH, ei teneste som Aurland kommune kjøper frå Fylkeskommunen. Ordninga har vore vellukka.

Folkehelse/førebygging

System for styrka læring har psykisk helse som eitt av 6 satsingsområde. Skulen er med i regionalt nettverk for psykisk helse, og læremiddelet «Psykologisk førstehjelp» er ein bærebjelke i skulen sitt arbeid på dette området. Det vert nytta både i klassane og i høve til enkeltelevar. I vidareutvikling av dette skal skulen framover kursast i eit program «Klapp» som regionen støttar opp om. Skulane i Aurland starta med prosjektet ASK (Active Smarter Kids) i 2016. Prosjektet er forskningsbasert og syner at fysisk aktivitet knytt til skulefag gir auka læringseffekt.

Samarbeidet med dei andre kommunale tenestene som arbeider for barn og unge, fungerer godt, men bør kunne utviklast vidare i eit tverrfagleg samarbeid.

Personale/tilsette

Eininga fekk ny tenesteleiar august 2016, noko som medførte ein del tid til opplæring. Med nye og skjerpa forskriftskrav til undervisningskompetanse, er det eit stort behov for å vidareutdanne lærarane i ulike fag. Staten betalar ca 2/3 av kostnadane ved vidareutdanning, og kommunen har 10 år på seg til å oppfylle kompetansekravet i forskrifta. Skuleåret 2015/2016 tok 3 lærarar på ABU vidareutdanning i enkeltfag, dette skuleåret 2 lærarar, og neste skuleår har kommunen prioritert 1 lærar frå ABU. For å sikre at kommunen oppfyller forskriftskravet i kvart enkelt fag innan fristen, bør det vedtakast ein kommunal kompetanseplan for vidareutdanning av fast tilsette lærarar. ABU tilbyr mentorordning for nyutdanna og nyttilsette pedagogar i skular og barnehagar. Ein mentor hjå oss tilbyr rettleiing til to pedagogar frå andre einingar dette skuleåret. Dette er ein sær sverdifull ressurs for alle skular og barnehagar i Aurland.

Skuleåret 2015/2016 vart det gjennomført skulebasert etterutdanning for alle lærarane i det viktige temaet «Relasjonsleiing». Her var også fagarbeidarane/assistentane med. Den skulebaserte etterutdanninga omfatta 3 kursdagar med eit par månaders mellomrom mellom kvar. Mellom kursdagane vart det arbeidd med litteraturlesing, gruppedrøfting og utprøving i klassane. Etterutdanning organisert på denne måten gir langt betre utbytte enn enkeltstående kursdagar. Skuleåret 2016/17 har skulane i Aurland delteke i den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i utvikling», med særleg vekt på klasseleiing. Satsinga handlar om å fremje undervisning som er meir variert, praktisk, motiverande og som fører til auka meistring for ungdomsskuleelevar. I Aurland er det vedteke at satsinga også skal gjelde for barnesteget. Me har fått nasjonale midlar til å opprette ein 10 % stilling som ressurslærar på dette satsingsområdet. Høgskulen på Vestlandet er vår samarbeidspart i etterutdanninga som skal vare ut 2017.

Sjukefråværet for 2016 er på 2,5 % for heile tenesteeininga. Dette er ein nedgang i høve til 2015 då sjukefråværet låg på 3,0 %. Dette er me sær godt nøgde med!

Medarbeiderundersøkinga gjennomført november 2016 synte at me har eit svært godt arbeidsmiljø og at me er stolte over eigen arbeidsplass.

Tal tilsette og årsverk ved utgangen av 2015 og 2016

År	Tal tilsette	Årsverk	Merknad
2015	34	29,1	Inkluderer årsvikarar
2016	33	28,4	Inkluderer årsvikarar. 24 av desse er lærarar/leiing, medan 9 er andre tilsette (fagarbeidarar, assistentar, miljøarbeidar, kontortilsette, SFO-leiar)

I alt har skulen 21,3 lærarårsverk. Men berre 20,4 årsverk kan nyttast til undervisning og relaterte oppgåver. 0,9 årsverk må reserverast til reduksjon i undervisningsplikta for lærarar over 55/60 år, jmf tariffesta livsfasetiltak for lærarar. Pr 31.12.16 er gjennomsnittsalderen for alle tilsette i tenesteeininga 51,6 år. I 2015 var gjennomsnittet 51 år. Det er i alt 25 kvinner med ein gjennomsnittsalder på 50,2 år, medan dei 8 mennene har ein gjennomsnittsalder på 56 år.

Økonomi

Rekneskapstala for 2016 viser eit mindreforbruk på vel 0,5 mill.kr. Det tilsvarer 2,6 %, og har sin bakgrunn mellom anna i innsparingar på eininga.

Ansvar 220 kommunale barnehagar

Innleiing

Kommunale barnehagar er Flåm barnehage og Vangen barnehage. Kvar av desse har ei avdeling for små barn i alderen 0 til 3 år, og ei avdeling for store barn i alderen 3-6 år, Vangen barnehage oppretta ei avdeling for barn frå 3-6 år august 2016. Administrasjon og styrarfunksjonar var plassert på Vangen barnehage fram til august 2016, administrasjonen endra seg til to styrarfunksjonar ut året.

Plan for eininga

Barnehagen har 2016 jobba med fagområdet språk, tekst og kommunikasjon. Tidleg og god språkstimulering er viktig for barnet si utvikling av språket. I barnehagen møter me foreldre og barn som er tospråklege, det gjer at arbeidet med språk, tekst og kommunikasjon er viktig. Barnehagen starta arbeid for god psykisk helse hjå barn, barnehageåret 2016. Sogn Regionråd har laga ein plan for dette arbeidet, dokumentet skal aktivt brukast som eit felles verktøy som skal prega arbeidet for god psykisk helse hjå barna i Sogn.

Dagleg drift av barnehagen er prega av behovet for ein meir tilpassa bygingsmasse. Frå barnehagane si side vil det bli lagt stor vekt på at den nye barnehagen må plasserast i tilknytning til lett tilgang til uteareal.

VBH 31.12.16	0- 3år	2 - 4 år	4 - 5 år	FBH 31.12.16	0- 3år	3 - 5år
Bemanna for	9	18	12	Bemanna for	9	18
Plassar tildelt	8	11	12	Plassar tildelt	8	15
utnyttingsgrad	89%	89%	100%	utnyttingsgrad	89%	83%

Dei kommunale barnehagane har i 2016 klart å gjennomføre kontinuerleg opptak og tilby plass til alle søkjarar til den tid søkjarane har ynskt. Opptaksordninga fører til stadige endringar i barnegruppene både ved overføring mellom avdelingane og stadig tilgang av nye barn.

Folkehelse/førebygging

Barnehagane har høgt aktivitetsnivå, og følgjer opp Folkehelseplanen om at barn skal ha tilbod om fysisk aktivitet. Vangen barnehage ser likevel fram til å få den nye barnehagen plassert i eit meir variert tur- og aktivitetstilbud for å oppnå folkehelsemåla. Det er òg viktig at alle 5-åringane får tilbod om førebuande symjeopplæring kvar 14. dag. Dette tilbodet er etter kvart blitt definert som så viktig at det vart gjeve statsstønad i 2016.

Aktivitetstilbudet til barnehagebarna frå musikkskulen gjeld for alle barn i avdelingar for store barn. Dette er eit prosjekt, som gir barna mykje glede og positive opplevingar.

Barnehagane har starta med psykisk helse i barnehagen og vil halde fram med arbeidet i 2017 gjennom ein regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge.

Personale/tilsette

Grunnbemanninga i dei to barnehagane er lik og følgjer dei statlege føringane. Fram til august 2016 brukte Vangen barnehage større personalressurs fordi administrasjon og særskilt tilrettelegging er lagt inn her. Personalet er stabilt, og har høg kompetanse. Det er viktig å halde på høg kompetanse i framtida. I den grad det er mogeleg må naturleg avgang erstattast primært med pedagogar. Personalmessig er det positivt, stimulerande og utfordrande at dei kommunale barnehagane alltid har lærlingar, og praksisstudentar frå barnehagelæruddanninga.

Funksjon	2015 (per 15.12.15)				2016 (per 15.12.16)			
	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Alder	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Alder
20110 FBH	6,2	9	9		7,1	9	9	
20114VBH	9,1	11	10		8,8	10	10	
SUM	15,3	20	19	50		19	19	44
Sjukefråvær		6,7%				6,5%		

I august byrja ny lærling ved Flåm barnehage. Fråværet har gått ned det siste året til 6,5%. Medarbeidarundersøkinga 2016 viser høg trivsel på arbeidsplassen og låg skåring på det fysiske miljøet. Barnehagane har definert utviklingsmål etter medarbeidarundersøkinga.

Økonomi

	<i>Rekneskap 2015</i>	<i>Rekneskap 2016</i>	<i>Budsjett (end) 2016</i>
220 Barnehagar	8 484 279	8 361 316	8 781 248

Barnehagane må handtere kontinuerleg opptak og bli utfordra på å løyse mellombelse kapasitetsvanskar der ekstra personale må leigast inn, både i vanlege driftsperiodar og i feriar. Ny utfordring i 2016; utvida opningstid skapte kapasitetsvanskar.

Ansvar 230 FLÅM SKULE

Innleiing

Tenesteeininga har skule, skulefritidsordning(SFO) og skuleskyss for elevar frå Skjerping, Undredal og Flåm.

Plan for eininga

Skulen har nådd mange av måla vi hadde sett oss i utviklingsplanen dette året. Skulen gjennomførte ulike prosjekt med midlar frå Den Naturlege Skulesekken, og hadde mange aktivitetar der nærmiljøet vart nytta som læringsarena. Vi har framleis fokus på prosjektet "System for styrka læring" der tidleg innsats, betre tilpassa opplæring og auka læringsutbytte for alle skal vera bærebjelkane. Dette byrjar vi å sjå resultat av i form av færre spesialpedagogiske tiltak. Skule- og elevmiljø har stått i fokus både i skulekvardagen og hjå Skulemiljø- og Samarbeidsutval. Vi har delteke på fagnettverk i regi av Sogn regionråd og samarbeidd med ABU i høve kompetanseheving og etterutdanning i relasjonspedagogikk og aktiv læring - ASK (Active Smarter Kids). Vi har også hatt felles studietur til Vassenden skule i Jølster for å lære meir om ASK. Frå hausten 2016 samarbeider vi om prosjektet "Ungdomssteg i utvikling". Dette skal halde fram til og med hausten 2017 og ha fokus på meir praktiske, relevante og varierte arbeidsmetodar i faga. Vidareutvikling av "to-lærer systemet", vidare arbeid med psykisk helse og fysisk aktivitet knytt til læring er andre tema under same prosjekt.

Drift av eininga

Drifta av skulen har gått rimeleg bra, men alt er ikkje på plass etter flaumen. Vi har opplevd nokre vanskar i høve vatn og kloakk som har frose og andre utfordringar rundt oppkopling til kommunalt vassverk. Uteområdet vårt vart rehabilitert etter flaumen sommaren 2016, og mykje av det planlagde vart gjort. Ikkje alt vart gjort etter "oppskrifta", og noko må endrast, flyttast på og takast att. Vi lever framleis i eit anleggsområde med noko støy, mykje støv, midlertidig skulebru og noko utrygg skuleveg. Dette har ikkje lagt dempar på at skulen vår gjekk klar flaumen og vi kunne koma trygt "heim". Vi ser fram til at permanente løysingar vert vedteke og sette i verk, og håpar på tryggare løysing på vegen til og frå skulen i nær framtid.

Skulen har hatt utfordringar knytt til IT dette året grunna ustabilitet etter flaumen og omlegging av dataområdet innan oppvekstsektoren. Vi ser veldig fram til fiberløysinga som skal koma! På den positive sida har vi lukkast med å setje av tid til ein ressursperson på eigen skule som deltek i fagnettverk i IKT gruppa under Sogn regionråd, i samarbeid på tvers av skulane og er pådrivar i arbeidet med kompetanseheving innafor området pedagogisk bruk av IKT i skulen. I tillegg har han den tekniske kompetansen som gjer at vi sparar både tid og pengar.

Folkehelse og førebygging

Skulen er i gang med prosjektet ASK (Active Smarter Kids). Elevar har krav på ein trygg og mobbefri skulekvardag, og tilsette som har ein belastande arbeidssituasjon må bli godt ivareteke. Trivselsundersøkingane syner at elevane trivst godt med kvarandre og skulen sin. Det same synte medarbeidarundersøkinga for dei tilsette. Trivsel og godt miljø må haldast ved like. Dette heng også saman med det fysiske miljøet rundt oss. Vi vil framover ha fokus på det estetiske rundt oss – rydding, fornying, lage gode oversiktlege system og vedlikehald. Vi ynskjer også å få til ei enkel ombygging av det ubrukte bassengarealet slik at skulen får betre romtilhøve for SFO, musikkrom og rom til klassedeling. I dag nyttar SFO skulekjøkenet som hovudbase, noko som ikkje er ei optimal

løysing. Gymsalen må nyttast til musikkundervisning både hjå oss og for musikk – og kulturskulen. Denne løysinga er ikkje heldig verken for brukarar eller instrument grunna temperaturen i gymsalen og storleiken på rommet. Vi ser også at skulen i framtida treng utvendig vask og sårt tiltrengt oppattmaling når anleggsperioden ein gong er over. Vi ynskjer oss eit tettare samarbeid med teknisk og god hjelp frå ei meir nærværande vaktmeisterteneste.

Personale/tilsette

Våren 2016 fullførte alle tilsette og rektor etterutdanning i "relasjonspedagogikk". Ein lærar fullførte vidareutdanning i norsk – leseopplæring 2. To nyutdanna lærarar fekk rettleiing etter "Rettleiingsplan for nyutdanna pedagogar". Ein lærar starta hausten 2016 på vidareutdanning i engelsk og ein lærar på vidareutdanning i norsk. Det er viktig for skulen å få nytta seg av staten sine gode vilkår i høve vidareutdanning for lærarar for å møte kompetansekrava som er sette.

Sjukefråvær er lågt - 1,8 % i 2016 . Det er nedgang frå året før, og stemmer godt med resultatet frå medarbeidarundersøkingane i høve at tilsette opplever å ha godt arbeidsmiljø, høg trivsel og stoltheit over eigen arbeidsplass.

Teneste	2016		2015	
	Tilsette	Årsverk	Tilsette	Årsverk
Flåm skule	11	10,15	10	8,9
Flåm SFO	3	1,51	3	1,5
Sum	14	11,66	13	10,4
Fråvær		1,8 %		2,2 %

Vi har to menn og 12 kvinner tilsette. Gjennomsnittsalderen er 43,9 år.

To lærarar har studiepermisjon delar av stillinga si, og vi har vikar for å få dekkja opp resten av stillinga . Vi er så heldige å ha lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget for første gong. Ho starta hausten 2016 og skal vera ut læretida si hjå oss. Dette syner att på tal årsverk og tal tilsette skule. Ein merkantil tilsett, som arbeider både hjå oss og på ABU, er òg med i tal tilsette skule.

Økonomi

Vi har eit positivt driftsresultat i 2016, slik vi brukar å ha. Vi ser nokre utfordringar knytt til budsjett i "Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan" for dei komande åra opp mot å levera gode tenester og gode resultat, til dømes i høve færre spesialpedagogiske enkeltvedtak og vedtaket om utvida opningstid i SFO. For å få dette til, må vi ha tett oppfølging og nok personale både til undervisning og i opphaldstida på SFO før og etter skuletid.

Rekneskap	Buds(end)	Regnskap	Avvik(per.)
2016	2016	2015	
6.625.174	6.728.330	6.440.211	103.156

Ansvar 300 Helse og Førebygging.

Tenesta omfattar:

Legekontor med laboratorium, helsestasjon, jordmor, ergoterapi, fysioterapi, psykiatrisk sjukepleie, ruskonsulent og treningskontakt. I tillegg kjem Koordinerande eining og Administrering av serverings-, sals- og skjenkeløyve dvs. alkohollova og serveringslova.

Plan for eininga

Helse og førebygging skal levere det som til ein kvar tid vert definert som fagleg forsvarlege helsetenester til innbyggjarar og personar som oppheld seg i kommunen.

Som resultat av evalueringa vedrørande tenestemeny i NAV kontoret, vart rustenesta og koordinerande eining overført frå NAV til Helse og førebygging frå mai. Rustenesta omfattar ruskonsulent i fast stilling, samt treningskontakt på prosjektmiddlar får Fylkesmannen. Koordinerande eining var overført, utan økonomiske ressurar. I tillegg har tenesta hatt ein 50% merkantil ressurs, delt med barnevernet. Deler av stillinga går med til klargjering av arkivmateriale før avlevering til fylkesarkivet. Arbeidet er tidkrevjande, då ein må gå igjennom kvart einskild dokument.

Som ledd i endringar ved servicetorget, vart handsaming av serverings- sals- og skjenkeløyve frå seinhausten lagt til tenesteleiar for eininga.

Drift av eininga.

Sogn Lokalmedisinske senter gjekk i 2016 over frå prosjektfase til ordinær drift. Planen for året var at lege frå Aurland skulle være fagansvarleg på dei kommunale akutte døgn sengane, samt at Aurland skulle overta halvparten av den daglege tilsynsfunksjonen ved sengane. Grunna oppseiing frå kommunelege I, var ikkje dette starta opp før i september.

Drifta av tenestene ved Sogn Lokalmedisinske senter, legevakt telefon, kommunale akutte døgnseingar og legevakt, fungerer etter intensjonane. Den felles kreftkoordinator stillinga vert ikkje vidareført etter prosjektperioden opphøyrer februar 2017.

Legekontoret starta opp med timebestilling via app og sms, og har som følgje av dette endra opningstidene på telefon. Brukarane kan fortsatt bli flinkare til å nytte løysinga.

Fysioterapitenesta har hatt ein del planlagt sjukefråvær våren 2016, noko som førte til at ein måtte utsetje oppstart av fallførebyggjande kurs til 2017.

Det er signert ei ny samarbeidsavtale med NAV hjelpemiddelsentral. Til ein kvar tid har over 250 personar hjelpemiddel frå Hjelpemiddelsentralen til utlån.

Helse og førebygging har eit særskilt krevjande innelima, særskilt i 2. etasje. Eininga er mykje plaga av lukt som skuldast samlokaliseringa av helsetenester og produksjon av mat. Dette gjer seg tydeleg utslag på medarbeidar-undersøkjinga.

Folkehelse / Førebyggjing

Førebyggjande arbeid er ein del av det daglege arbeidet ved eininga. Dette særskilt ved helsestasjonen igjennom arbeid med vaksinasjon, rådgjeving og rettleiing til alle barnefamiliar og ungdommar.

Førebuingar og annonsering av kurs i fallførebyggjing – Trygg på to bein – vart gjort hausten 2016, med oppstart av kurset januar 2017.

Den nasjonale satsinga med tilbod om gratis vaksine mot HPV virus til kvinner, starta opp i november. Tenesta vert utført ved legekantoret. I tillegg tilbyr helsestasjonen vaksine mot hjernehinnebetennelse, reisevaksinasjon, samt influensavaksinerings kvar haust.

Personal / Tilsette

Eininga har hatt stabilt personale igjennom året. Kommunelege I sa opp stillinga si, me kom til semje, og han heldt fram med ny tittel som kommuneoverlege.

	2015 Kvinner	2015 Menn	2015 Sum		2016 kvinner	2016 Menn	2016 Sum
Tilsette	9	3	12		11	3	14
-Leiar	1		1		1		1
-Turnus			2				2
SUM			15				17
Årsverk	7,8	3	10,8		9,4	3	12,4
-Leiar	1		1		1		1
-Turnus			2				2
SUM			13,8				15,4

Av dei fem kvinnene som arbeider deltid, er fire frivilling. Jordmortenesta vert kjøpt frå Voss Sjukehus. Turnus-lege og turnus-fysioterapeut tenestegjer i kommunen i seks månader, med byte i mars og september.

Auken i tilsette og årsverk, skuldast overføring av tenester frå NAV til Helse og Førebyggjing.

Økonomi

Ansvar		Rekneskap 2016	Endra Budsjett 2016	Opphavelg Budsjett 2016	Rekneskap 2015
300	Helse og førebyggjing	11 723 496	11 080 217	8 860 000	9 990 415

Opphavelg budsjett er lagt utan rus-tenesta som var overført frå NAV i mai, og av den grunn er ein del grunnlaget for budsjett endringa i løpet av året.

2016 har vore eit krevjande år økonomisk. Overskridingane er ved legekantoret samt Sogn Lokalmedisinske senter. Overgang frå to til tre legar har vore vanskeleg å sjå eksakte kostnader og inntekter på. Der har vore gjennomført lønnsjusteringar på alle tre legane som auka utgiftane ut over

budsjettert. Samt utsetjinga med sal av legetenester til Sogn LMS som ikkje kom i gang før i september medførte også mindre inntekter enn budsjettert.

Sogn Lokalmedisinske senter

Det vart budsjettert med tal frå prosjektdokumenta (1 600 000), i stadenfor tala som vart gjeve opp frå Sogn LMS (1 825 000). Dette i håp om at føresetnadene i prosjekttala skulle stemme. Større utgifter til opplæring av eige og anna personale i bruk av nytt nØdnett gjorde at dette dessverre ikkje slo til. I tillegg hadde Sogn LMS rekna med direkte statlege tilskot i 2016, då dei hadde feila på at tilskotet frå 2016 vart overført til den einskilde kommunen igjennom rammeoverføringane. Dette mottok kommunen informasjon om i november, dvs etter budsjett justeringa som var gjort i 2. tertial. Totalrekninga kom til slutt på kr 2 383 000.

Ansvar 301 - NAV

Plan for eininga:

Konsulent for funksjonshemma og ruskonsulent vart overført til helse og førebygging. Flyktingtenesta vart ein del av NAV i juni. I tillegg har NAV kommunal del, ansvar for sosialtenesta og Husbanken si bankverksemd med startlån, og tilskotsordningar.

Drift av eininga:

Arbeidet ved NAV er alt vesentleg oppfølging av brukar mot arbeid. I tillegg økonomisk råd og rettleiing, og inntektssikring i ein overgangsfase.

Kontoret har kontinuerleg ytt tenester i gjennom året, utan vesentleg ventetid, eller ulemper. Innanfor sosialtenesta har det vore over 50 ulike brukarsaker. Kontoret har nådd måla, og levert dei teneste me har ansvar for. Statleg- og kommunalt tilsette arbeider delvis på tvers av kvarande sine tenestemenyar.

Arbeidet er krevjande og omfattande. I eit år med fleire nyrekrutteringar, har det vore opplæringsaktivitetar, og ein belastande arbeidssituasjon for fleire.

Personale/tilsette:

Det er tilsett eitt årsverk innan sosialt arbeid, og eitt årsverk innan flyktingtenesta. Det er ein 25 % stilling til gjeldsrådgjeving (saman med Årdal og Lærdal). Det er felles leiar for flyktingtenesta i Lærdal og Aurland, der noko av denne tilfører Aurland ressurs. Det er felles leiar for navkontora i Aurland og Lærdal. I tillegg er det 1,8 statleg fagstillingar ved kontoret. Det er fire personar fast ved kontoret. I tillegg kjem leiar, fagleiar for flyktingtenesta og gjeldsrådgjevar som er der delvis. Det er ikkje endringar i tal tilsette, sett bort frå konsekvens av endring i tenestemeny, og oppretting av flyktingtenesta i året.

Det har vore noko sjukefråvær i gjennom året. På den statlege sida er sjukefråværsprosenten 5,9 % og på den kommunale sida 0,2 %.

Økonomi:

Rekneskap 2016	Endra budsjett 2016	Opphavelig budsjett 2016	Rekneskap 2015
2 514 290	2 440 353	7 611 000	7 155 054

Opphavelig budsjett er endra grunna utflytting av tenester som omtala over. Rekneskaperen viser eit meirforbruk på kr 73937, som er vel 3 %. Nav har betalt for norskundervisninga til flyktingtenesta i 2016, utan at tilskot vart inntektsført.

Ansvar 302 AURLAND OG LÆRDAL BARNEVERN

Innleiing:

Tenesta har ansvar for alle tenester kommunen pliktar å ha etter Lov om barneverntjenester. Dette strekkjer seg over eit vidt område, frå førebyggjande arbeid til førebuing av sak om omsorgsovertaking. Det set store krav til god sakshandsaming, og sakshandsamarane må gjennom året jobbe med mange ulike sakskompleks.

Hovudtyngda av saker er frivillige hjelpetiltak i familien. Tenesta er interkommunal, med Aurland som vertskommune og rådmannen i Aurland som ansvarleg for tenesta.

Plan for eininga:

Tenesta satt seg eit ambisiøst mål om å bli best på rutinar og system i 2015. Det målet vart ikkje oppnådd, men gjennom året har det vore satt fokus på ein systematisk tilnærming til dagleg praksis. Målet vart vidareført til 2016, og har kvar månad vore oppe på agendaen. Det har vore særleg stor fokus på forholdet til samarbeidspartane våre i kommune, som skule, barnehage helse med fleire. Tenesta har gjennomført ei lita undersøking der fokus var kva som fungerer og kva som kan bli betre i samarbeidet med barnevernet. Svarprosenten vart ikkje så høg som me hadde håpa på, men me konkluderte på at barnevernet må jobbe med å vere meir opne i høve samarbeidspartar og bruke dei moglegheitene regelverket gjev for deling av opplysningar.

Barnevernet er med i eit effektiviseringsnettverk i regi av KS. Dette vil ende ut i ein tenesteanalyse der forbetringsspunkta i tenesta forhåpentlegvis vil komme klart fram. Allereie no ser me at tiltaksområde i kommunen kan vere ein område me skal tenke nytt i høve til.

Drift av eininga:

Det var nedgang i meldingar i Lærdal i 2015, men dette har teke seg vesentleg opp i 2016. I Aurland er oppgangen mindre, men tenesta opplever at terskelen for å ta barnevernet med i diskusjonar er på veg ned.

Tenesta opplever positiv bevegelse i høve våre samarbeidspartar, men vil ha dette som fokusområde for 2017.

Tal saker er på veg opp, og tenesta merkar auka tidspress. Alvorsgraden i sakene har vore høgare særleg siste halvår, og dette er utfordrande for den enkelte sakshandsamar. Grunna sjukemelding har også arbeidspresset på den enkelte tilsett vore høgare, men alle har bidrege til å dra lasset saman.

Folkehelse/førebygging:

Tenesta har flytta inn i nye lokaler på rådhuset, og alle tilsette har nye kontormøblar. Innemiljøet og støy er betrakteleg betre, og lokala er godt tilrettelagd for vårt bruk.

To gonger i månaden brukar me litt av starten på dagen til ein gå tur saman. Dette er både eit tiltak for fysisk og psykisk helse, og ikkje minst det sosiale. Me vil halde fram med dette i 2017.

Personale/tilsette:

Ein tilsett har hatt stillingsreduksjon på 20% gjennom året, dei andre har hatt fulle stillingar.

Sjukefråveret er høgt, men arbeidsgjevar har teke nødvendige kartleggingar i høve sjukemelding og eventuelle arbeidsmiljøutfordringar. Arbeidsgjevar har ikkje avdekket eit uforsvarleg arbeidsmiljø, men vil fortløpande fylje situasjonen.

Tal er fem, fordelt på like mange stillingar.

Tenesta består fortsatt av fem kvinner, med ein grei gjennomsnittsalder.

Økonomi:

I Aurland er det noko avvik frå budsjett. Dette skuldast at kostnadene ved eit enkelttiltak vart større enn forventa ved overføring til annan tenesteområde. I Lærdal er avviket knytt til to nye tiltak som kom inn i løpet av året

I barnevernet er det vanskeleg å budsjettere nøyaktig, fordi sakene utviklar seg, eller oppstår i løpet av året.

Ansvar 310 Pleie og omsorg

INNLEIING

Aurland helsetun gir tilbod om langtidsopphald, korttidsopphald, avlastingsopphald, rehabiliteringsopphald, hjelpepleie, sjukepleie, legetilsyn, fysioterapi, arbeidsstove og diverse sosiale aktivitetar/arrangement.

Heimebasert omsorg omfattar heimesjukepleie, spesielt tilrettelagde heimetenester, praktisk bistand (heimehjelp) og opplæring, vaktmeister tenester, omsorgsbustader, matombringning, trygghetsalarmar, ressursjukepleie i kreftomsorg, demensteam og dagtilbod for heimebuande demente. Etter endring av tenestemeny i NAV 01.05.16 blir tenestene brukarstyrd personleg assistent, omsorgslønn, støttekontakt og avlasting utanfor institusjon flytta til pleie og omsorg.

Pleie og omsorgstenestene disponerer 27 institusjonsplassar, 21 omsorgsbustader, fire omsorgsbustader med heildøgns omsorgsteneste og eit bufelleskap for eldre med fem plassar.

Sogn lokalmedisinske senter - Kreftkoordinator i samarbeid med kommunane Årdal og Lærdal er stasjonert på Sogn lokalmedisinske senter. Det er også dei kommunale øyeblikkelege døgnplassane (KAD).

PLAN FOR EININGA

Pleie og omsorgstenestene er heimla i helse- og omsorgstenestelova, og drifta blir styrt av lova med tilhøyrande forskrifter, retningsliner og føringar. I tillegg er det andre lover med forskrifter som gjev påbod og legg føringar for drifta, t.d. helsepersonellova og pasient- og brukarrettigheitslova. Lokalt inneheld kommunedelplan for helse og omsorg konkrete mål for tenestetilbodet, og prioriteringar skal føre til at kommunen er betre førebudd på framtidige utfordringar på helse og omsorgsområdet.

I tillegg er det gjennomført ein gjennomgang av pleie og omsorgstenestene våren 2016, som munna ut ein rapport utarbeidd av Ressurscenter for omstilling i kommunene (RO). Kommunestyret har vedteke mandatet, og arbeidet vidare har vore å jobbe i prosjekt med endring og omstilling som tema der målet er todelt:

1. Å tilpasse aktivitetsnivået i pleie og omsorg til tilgjengeleg økonomisk ramme
2. Å utvikle ei endringsdyktig og berekraftig teneste i samspel med brukar, brukar sitt nettverk og samfunnet elles

Arbeidet med omstilling vil fortsetje utover i 2017, då med ekstern prosessveilledar frå RO

DRIFT AV EININGA

Heimebasert omsorg har frå 01.05.16 fått utvida ansvarsområdet sitt til å omfatte tenestene støttekontakt, avlasting utanfor institusjon, brukarstyrd personleg assistent og omsorgslønn. Ansvar for desse tenestene har legge til NAV, men etter endring av tenestemenyen der, vart ansvar for tenestene flytta til pleie og omsorg. Pleie og omsorg har fatta totalt 137 enkeltvedtak på tenestetildeling i 2016, då inkludert nye vedtak, revurdering av vedtak og betalingsvedtak for opphald i institusjon.

Drifta i pleie og omsorg har elles vore prega av at sjukehus melder pasientar for utskrivning tidlegare enn før, og tenesteapparatet i kommunen må vere klar til å ta imot. Dette gjeld både pasientar som skal innom helsetunet og pasientar som skal direkte til eigen heim etter sjukehusopphald. Aurland helsetun har hatt utfordringar med nok institusjonsplassar i 2016. Det har i periodar vore to pasientar på rommet. Men kommunen har likevel ikkje betalt for fleire enn ni liggedøgn for utskrivingsklare pasientar i 2016, mot 46 i 2015, jamfør tal og oversikt frå www.samhandlingsbarometeret.no. Elles har Aurland kommune nytta 85 liggedøgn ved kommunale akutte døgnplassar ved lokalmedisinsk senter på Lærdal sjukehus i 2016.

Tal på heildøgnsbebuarar ved Aurland helsetun ved utgangen av 2015 og ved utgangen av 2016

	Pr. 31.12.15		Pr. 31.12.16	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
0-17 år	0	0	0	0
18-49 år	0	0	0	0
50-66 år	0	0	0	0
67-74 år	1	1	0	1
75-79 år	2	2	1	2
80-84 år	4	1	0	1
85-89 år	5	4	4	7
90 år og oppover	2	6	3	6
I alt	14	14	8	17

Aurland helsetun har gjennom året hatt overbelegg (KOSTRA tal). Aurland helsetun er bygt med det formål at alle pasientar skal ha einerom med eigne bad. På grunn av at fleire pasientar har fått behandling og oppfølging enn det institusjonen har einerom til, har Aurland helsetun vorte utfordra på å finne alternative løysingar for å kunne yte nødvendige helse og omsorgstenester og for å plassere pasientane. tre rom i den gamle sjukeheimen er rusta opp og hjelper på kapasiteten.

Mottakarar av heimesjukepleie og/eller praktisk bistand etter kjønn og alder ved utgangen av 2015 og 2016

	Pr. 31.12.15		Pr. 31.12.16	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
0-17 år	0	1		1
18-49 år	8	1	7	1
50-66 år	5	4	5	3
67-74 år	4	7	9	4

75-79 år	4	4	2	3
80-84 år	3	8	4	3
85-89 år	6	12	2	16
90-200 år	7	15	5	14
I alt	37	52	34	45
<i>Snittalder</i>	69	80	67	81

Statistikken her (IPLOS tal) syner at tal brukarar av heimesjukepleie og/eller praktisk bistand totalt har hatt nedgang med 10 frå 2015 til 2016 og med mindre endringar i aldersfordeling og kjønn.

PERSONALE/TILSETTE

Pleie, rehabilitering og omsorg er ei stor tenesteeining med mange tilsette. 10 av dei tilsette er menn, resten er kvinner. Gjennomsnittleg stillingsprosent i direkte brukarretta teneste er omlag 70% stilling. Tenestene må i stor grad nytte vikarar ved fråver. Det er elles vanskeleg å yte dei tenester som brukarane er tildelte gjennom enkeltvedtak. Sjølv om det i hovudsak er ei positiv haldning hjå dei tilsette til å ta på seg ekstra vakter for å dekke inn fråver, har eininga utfordringar i høve å skaffe vikarar. Eininga rekrutterer bra til faste stillingar, men vanskeleg å få søkjarar til vikariat. Det har vore gjennomført medarbeidersamtalar i 2016. Det er utarbeida plan for HMS (helse, miljø og sikkerheit) for tenesteeininga for 2016. Dette er gjort i samarbeid med bedriftshelsetenesta. Hausten 2106 vart det gjennomført ergonomikurs på Aurland helsetun for 48 tilsette og fyrstehjelpskurs for 42 tilsette. Arbeidet med å gjennomføre medarbeiderundersøkinga starta opp i 2015, og vart gjennomført for 2. gong hausten 2016. Svarprosenten gjekk ned frå 85% i 2015 til 60,5% i 2016. I eininga blir det diskutert korleis vi skal følge opp og bli betre. Målsetjinga er at medarbeiderundersøkinga skal vere eit utviklingsverktøy, og vi skal gjennomføre ei 3. måling i 2017. Eininga hadde tre lærlingar i helsearbeidarfaget i 2016.

Tilsette - gjennomsnittsalder

	Kvinner	Menn
Tal tilsette	94	10
Gjennomsnittsalder	50,3	44

Sjukefråver 2015 2016

	6,9%	6,0
--	------	-----

Statistikken for sjukefråver (eigenmeldingar inkludert) syner nedgang frå 2015 til 2016. Legemeldt sjukefråver for eininga i 2015 var 4,5 % og i 2016 3,8%. For eigenmeldt korttidsfråver har utviklinga gått ned frå 2,4% i 2015 til til 2,1 % i 2016. Sjølv om det totale sjukefråveret i pleie og omsorg viser nedgang, er det variasjonar frå avdeling til avdeling innad i eininga. Det blir jobba med oppfølging av

dei sjukmelde, og fokus på førebyggjande og motiverande tiltak, på jobbnærver og tilrettelegging i arbeidssituasjonar må halde fram.

Årsverk	2015	2016
Aurland helsetun - heildøgnsdrift (inkl. aktivtør og merkantil)	26,3	26,3
Aurland helsetun – kjøkken	2,9	2,9
Heimebasert omsorg (inkl. heimesjukepleie, praktisk bistand, personleg assistent, bufellesskap, merkantil, vaktmeister)	19,8	26,4
Heimebasert omsorg – omsorgsbustader	3,9	5,6
Heimebasert omsorg - heildøgns drift i omsorgsbustader	8,3	8,0
Heimebasert omsorg - dagtilbod for heimebuande demente	1,3	1,3
Tenesteleiar	1,0	1,0
Totalt	63,5	71,5

Flytting av tenester frå NAV til pleie og omsorg medførte ein auke i årsverk i heimebasert omsorg frå 2015 til 2016.

ØKONOMI	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Rekneskap 2015
310 Pleie og omsorg	60 764 930	53 498 000	53 637 798

Rekneskapan for 2016 syner stort avvik mellom opphavsleg budsjett og resultatet for 2016. Det har vore gjort til dels store endringar i tenestestruktur i 2016, som har medført flytting av tenester frå andre einingar til eininga for pleie og omsorg.

Ansvar 300 Teknisk

Innleiing

Teknisk har ansvar for desse fagområda:

- Kommunale eigedomar
- Kommunale vegar- gatelys
- Vatn og avløp
- Miljøstasjon
- Brann/brannberedskap
- Grøntanlegg
- Byggjesak – oppmåling

Plan for eininga

Teknisk sitt budsjett for 2016 er fordelt mellom kontinuerleg drift og investeringar. Teknisk sitt ansvarsområde omfattar og tett samhandling med øvrige tensteeiningar, ettersom teknisk har ansvar for all infrastruktur knytt til mellom anna skule, institusjon og barnehagebygg .

Drifta av eininga

Drifta omfattar kontinuerleg drift og vedlikehald av alle dei fagområda som teknisk har ansvar for.

I tillegg vert teknisk og involvert ein god del i planarbeid (regulering/areal/anna planlegging) som skjer i ansvar 100. Utarbeiding av t.d reguleringsplanar og anna planlegging krev tett dialog med teknisk med tanke på å få avklart realisme i gjennomføring.

Rekneskapstala for både drift og investeringar synar kva som er gjennomført i 2016.

Kort oppsummert synar desse tala at ein innanfor drifta har eit lågare forbruk enn i budsjett. Noko av forklaringa av dette er at det ikkje har vore mogleg å få planlagt og gjennomført vedlikehaldstiltak fordi teneseeininga framleis har betydeleg ressursinnsats knytt opp til tiltak etter flaumhendinga hausten 2014.

Av eit samla investeringsbudsjett på ca kr 38,4 mill (revidert budsjett i 2016) er det utført tiltak for omlag kr 42,5 mill, noko som er ca kr 4,1 mill utover revidert budsjett. I dette ligg det at det gjennom budsjettåret vart føreteke budsjettreguleringar for prosjekt som ikkje blei starta opp i 2016. Omlag kr 32,3 mill av samla investeringar i 2016 var knyta til flaumhendinga hausten 2014.

Fleire av dei tiltaka som var ført opp på investeringsbudsjett i 2016 krevja detaljplanlegging, grunnverv og sakshandsaming i fleire offentlege instansar, og røynsla synar at dette er tidkrevjande prosessar. Einskilde prosjekt var det heller ikkje mogleg å få gjennomført som følgje av usemje mellom berørte partar, døme på dette er Utbetringstiltak Nærøyelva etter flaumen.

Folkehelse/førebygging

Teknisk har i 2016 justert opningstider for bruk av Aurlandshallen, noko som må sjåast på som eit tiltak for å betre folkehelsa.

Personal/tilsette

Tilsette:	2016	2015	Endring	Gj.snitt. alder
- Kvinner	23	19	4	48
- Menn**	21	26*	-5	39
Sum	46	45		
Sjukefråver:				
Eigenmelding	0,6 %	1,1 %	-0,5	
Korttid < 16 dagar	0,7 %	0,5 %	0,2	
Langtid > 16 dagar	0,6 %	2,1 %	-1,5	
- Sum	2,0 %	3,7 %	-1,7	

** ekskl. deltidsmannskap brann

Det var 46 tilsette med eit sjukefråver på 2 %. Tenesteeininga har eit godt arbeidsmiljø og sjølv om tenesteeininga har eit høgt arbeidspress er sjukefråværet betydeleg redusert i høve til 2015.

Funksjon	Årsverk 2016	Årsverk 2015
Administrasjon**	3,3	3,4
Plan-byggjesak- oppmåling	2	3
Bergteken*	0	0,25
Kommunale egedomar	4,0	3,8
Kommunale vegar	3,8	3,3
Vatn & avløp-miljø	2,5	2,4
Reinhald	15,24	13,1
Brann	1,27	1,06
Sum årsverk	32,11	30,31

*Bergteken avslutta 01.06.2015

** inkl engasjement

Personalressursane er justert i høve til 2015 og tilpassa arbeidsoppgåver som tenesteeininga utfører.

Økonomi:

	Budsjett 2016	Rekneskap 2016	Avvik 2016	Rekneskap 2015
Løn	19 445 215	18 957 230	- 487 985	18 997 846
Andre driftsutgifter	20 459 747	19 672 287	-787 460	39 363 004
Driftsinntekter	-14 179 000	-14 075 909	103 091	-32 893 934
Sum	25 725 962	24 553 608	-1 172 354	25 466 915

Rekneskapen for 2016 for teknisk si drift syner eit netto forbruk på kr 1 172 356 mindre enn revidert budsjett for 2016. Under følgjer kommentar til dei ulike postane:

Løn

Post for løn syner ei innsparing på om lag kr 490 000. Hovudårsaka til dette er at ein del prosjekt er belasta med lønskostnader ved eigen prosjekt- og byggjeleing.

Andre driftsutgifter

Området andre driftsutgifter har ei innsparing i høve til budsjett på ca kr 790 000. Ein god del av denne innsparinga skulast betydeleg mindre forbruk på vedlikehald av kommunale vegar, som følgje av at driftspersonell har hatt fokus på oppfølging av tiltak knyta til flaumhendinga hausten 2014. Utgifter til serviceavtalar og reparasjonar er ein høg utgiftspost som følgje av manglande gjennomføring av planlagt vedlikehald. Slitasje og elde på tekniske anlegg medfører at det kan oppstå uføresette hendingar. Årlege løyvingar til vedlikehald vert difor viktig å få prioritert i åra framover.

Inntekter

Samla inntekter er på kr 14 075 000. Dette er ca kr 103 000 mindre enn budsjett. Sjølv om det er rimeleg samsvar mellom budsjett og rekneskap på inntektssida, post for kommunale årsgebyr syner ei svikt på ca kr 1,6 mill i høve til budsjett.

Oppsummering

Drifta

Også i 2016 har teknisk sine gjeremål vore prega av flaumhendinga hausten 2014. Tenesteeininga har hatt og har framleis ein sers krevjande kvardag for alle tilsette. Det er tildelt meir ressursar gjennom engasjement og ekstern innleige av rådgjevarar på ulike prosjekt. Dette krev vesentleg oppfølging og tilrettelegging frå basisorganisasjonen. Eit godt arbeidsmiljø og høg arbeidsmoral hjå alle tilsette i tenesteeininga gjennom året har vore viktige faktorar for å gjennomføre både kontinuerleg drift og investeringar i 2016. Denne situasjonen vil truleg halde fram i 2017.

Brann

Aktivitet	2016	2015
Stillingar	1,27	1,06
Deltidsmannskap	22	19
Skorsteinar feia	357	378
Tilsyn med særskilte brannobjekt	0	11
Brannøvingar	12	12
Utrykningar	34	42

Dei siste åra har brannvesenet vore ute for fleire større hendingar, men 2016 har vore eit rolegare år.

Det er gjennomført tilsetjing av nye mannskap både i Aurland og i Gudvangen. I 2017 vil brannvesenet gjennomføre grunnkurs for deltidstilsette som manglar utdanning. Førre grunnkurs var i 2007.